

Alle seksjonane i leileghetsbygget er utleigd.

04.04.2020



Leileghetsbygget (6 seksjonar) med gateadresse Uskedalsvegen 510 - 512 sentralt i Uskedalen er utleigd.

Alle dei seks seksjonane i leileghetsbygget Uskedalsvegen 510 - 512, også kalla Mollobygget, er utleigd og vert brukte. Frå oktober 2018 til ut heile 2019 var bygget utleigd til Consolvo i samband med utbygginga på Hydro, Husnes. Ein seksjon har heile tida vore til disposisjon for eigaren Sunnhordland Eigedom as.

Elin Stene i Sunnhordland Eigedom fortel til Uskedalen.no at ved årsskifte 2020 var det fem seksjonar ledige for utleige. Utleige til Consolvo var på alle måtar vellukka. Ein kan knapt sjå at bygget har vore brukt. Det var svært lite slitasje og alt var klar for vidare utleige.

Den eine leilegheten i 2. etasje har vore utleigd til ein privatmann sidan bygget var nytt slik det står i dag. Etter utleige til Consolvo gjekk eigar ut på utleigemarkedet med dei andre seksjonane også.

Det viste seg at det var mange som ville bu i Uskedalen og per i dag er alle leilighetene utleigd til private folk, bortsett fra ein seksjon i underetasjen som Sunnhordland Eigedom as leiger som eit supplement til hotelldrifta på Husnes.

Elin Stene er godt nøgd med at det er stor aldersspreiing på leigetakane, frå 19 til 80 år. Det er eit godt grunnlag for å skapa eit triveleg bumiljø.

Alle leileghetene ligg likevel ute for sal på Finn. DNB Eiendom er meglar. Leigetakane er merksame på det. Det

er ei oppseiingstid på tre månader. Dermed har alle tid på seg til å finna noko anna dersom ei leileghet vert seld.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Sunnhordland Eigedom as